



Hans Reidar Kjærland: - Må ta den tida vi treng for å få fram eit prosjekt som er godt nok. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Sjølv om det vil bli variasjonar frå år til år reknar vi med at eit småkraftverk i Tverrelva vil vera ein sikker investering og gje ei god inntekt, som gardane på Haugland og Kjerland treng i framtida. Det seier kontaktperson for prosjektgruppa Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no i samband med at grunneigarane no har inngått avtale med SKL om utgreiing av prosjektet.**

Dermed er også Uskedalen – nokon vil seia endeleg - iferd med å koma på kraftutbyggingskartet. Også på den andre sida av dalen, i Børsdalen, er eit samarbeid på gang mellom SKL og grunneigarane.

Dag Eirik Eikeland i SKL (Sunnhordland Kraftlag) opplysar til uskedalen.no at dei der driv med tilleggsundersøkingar på natur- og miljøside for å underbyggja konsesjonssøknaden best mogeleg.

Det er no fem år sidan grunneigarane starta arbeidet med Tverrelva-prosjektet og dei er glade for at det no ligg ein avtale på bordet. Kjærland strekar under at den er langt betre frå grunneigarane sin synsstad enn den som var på tapetet frå starten.

Det er fire år sidan grunneigarane starta samtalar med SKL og Kjærland seier at prosessen med kraftlaget har vore god og konstruktiv.

- No er grunneigarane med i langt større grad enn i starten og vil sitta att med meir, seier Kjærland. Saman med han i prosjektgruppa sit Steinar Haugland, Tor Ove Haugland, Lars Haugland og Ståle Eik. Dei har lagt ned mykje arbeid for å koma så langt som dei har nådd.

- Kvifor har det trass i alt teke så lang tid?

- Det er naturleg at eit slikt prosjekt har visse problemstillingar knytt til fordeling av rettigheter. Dei ligg i botnen og må gjennomdrøftast før ein kan koma til ein konklusjon. Det er mange interesser som må ivaretakast. No har vi kome fram til ei god løysing.

I dei siste vekene har eksterne juristar med fagkunnskap i kraftutbygging vore engasjert for å finpusse avtala slik at den skal bli tilfredsstillande for oss.

- Men framleis er det ein lang veg å gå...

- Vi reknar med at straumen frå Tverrelva-verket tidlegast kan koma på nettet i 2012. Utgreiinga som no skal gjennomførast og som må ta si tid skal klarleggja kva alternativ som vil vera det beste og vi må sjølvstøtt sjå og vurdere økonomien i prosjektet før det vert teke ei endeleg avgjerd.

Vi må ta den tida vi treng for å få fram eit prosjekt som er godt nok for oss, seier kontaktmannen.

Av Ola Matti Mathisen



I 2012 er straumen frå Tverrelva kanskje på nettet. (Foto: Anbjørn Høivik)